

Ravneberg - Ramberg (gnr. 34)

Ravneberg: Også eit gardnamn der førsteleden opphavleg var fuglenamnet hrafn. Uttalen av namnet har i bygdemålet etter kvart vorte Ramberg. Skrive-måten av namnet har vore ustø og skiftande, men som regel slik at det var godt kjenneleg.

I skrivne kjelder skal Ravneberg vera nemnt i Olav Engelbrektssons rekneskaps bøker av 1533, og garden låg da under erkebispestolen i Trondheim. Det same er og fortalt i Stiftsboka av 1578. Ved reformasjonen i 1536 kom så bispegodset under Kongen og vart snart etter administrert under Akershus len. Her i Lensrekneskapen for 1560 finn ein så blant andre Fåberg-gardar også Raffneberg nemnt, og land-skylda av garden er da oppgitt til 18 merker fisk. Ein merker seg elles at under Rafneberg er det og ført eit bruk av namn Biskopgarden med ei landskyld av 2 kalvskinn. Av andre kjelder går det elles fram at samtidig med dette åtte også Lillehammer-kyrkja jordegods til 3 skinn skyld i Rafneberg. Etter dette finn ein ikkje garden Rafneberg nemnt før i 1620. Da går det tydeleg fram at garden hadde vore og framleis var brukt under Bulung. Landskylda av Ravneberg er da oppgitt til 6 skinn 9 mrk. fisk, og av dette var 3 skinn kyrkjegods. Tri år seinare er sa både Ravneberg og Vingnes overtatt av ein namngitt person, Hans Rasmusen. Landskylda av dei to gardane isaman er da oppgitt til 1 hud 3 skinn. Etter atter to år finn ein Hans kalla Hans Ravneberg. Han hadde da ein leiermålssak med Anne Jonsdotter og laut svara $6\frac{1}{2}$ dalar i sølv. Hans Ravneberg var elles brukar på garden også i 1629. Han betalte da leiglendingeskatt som brukar på ein ødegard med 1 dlr. i pengar.

Året etter fekk i 1630 ein ny brukar, Jon Engebretsson 1. bygsel på Raffneberg av skyld 3 skinn 9 mrk. fisk, og som da vart oppgitt til å vera "ein ringe ødegaard Kronens". Jon var framleis bygslar og brukar av garden også i 1636 og er da kalla Joen Raffneberig.

Som ein ekstra krigsskatt vart det i 1657 utskrive ein skatt kalla Kvegskatten 1657, dette fordi at det da var krøttalet på gardane som vart lagt til grunn ved utlikninga. Etter skattelista går det vidare fram at det da hadde vore brukarskifte, og den nye er kalla "Siffuer Raffneberig". Garden vart også da ført i gruppa for mindre gardar, og buskapen på Raffneberig var da: 7 naut, 5 geiter og 10 sau. Av Mannkjønnsmann-talet for 1665 går det elles fram at med farsnamn heitte brukaren Sifuer Svendsen, og han var da 55 år og hadde ein tenestekar, Oluf Jonsen, som da var 24 år og soldat.

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om "Raffneberg" fortalt at garden framleis var "Kongens", at landskylda framleis var 3 skinn 9 mrk. fisk, og at "Siffuer" framleis var bygslar og brukar der. Om garden og gards-bruket er det dertil oppgitt at "Engen er goed och Kand forbedris" og at det var skog nok til "Gaards Nøtte". Buskapen av store husdyr var da 1 hest og 9 naut, og korntienda vart utreidd med 5/4 tonne, som altså svara til ei årleg avling på 12-13 tonner korn. Ein merker seg elles at det ingenting er nemnt om garden da hadde seter. – Av "Rulle over Gudbrands-dalens soldatlægder 1693" for Fåberg, vil ein elles sjå at "Rafneberig" da hørde til 5. lægd med gardane Øre, Wottestad og Bierche, og at den rulleførde soldat frå Rafneberig da var Mogens Olsen, som var over 40 år, og som var husbonden sjølv. Mogens Olsen levde enda i år 1708, og han var da vorte odelseigande bonde på Ravneberg, og same året gav han sjølv skjøte på garden til Christen Halfuorsen. Med han kom så den ætta til gards som skulle bli der i fleire ættleider.

Fleire nyare opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget av 1723. Der er det om Ravneberg ganske riktig fortalt at oppsittaren der da heitte Christen Halvorsen, og han var både eigar og brukar av garden. Vidare er det oppgitt at garden ligg i sollia og er tungbruikt, men jordarten er ”Temmelig god, dog noget Koldlent og tilmed Indstengt”. Buskapen hadde auka og var da: 1 hest, 1 føl, 9 naut, 8 sauер og 5 geiter, og den årlege utsæd utgjorde kring 3 tonner bygg og litt rug. Landskylda av garden var framleis 3 skinn 9 mrk. fisk, men matrikkelkommisjonen gjorde framlegg om at landskylda burde høgdast med 3 skinn. – Tre år seinare gav i 1730 foged Stenersen bygselseddel til Christen Rafneberg på ”et sæterbol på Vismunden og den der innhegnede løkke på 3 lass hø”.

Kristen Halvorsen var og brukar på Ravneberg i 1741. Han hadde da ”innstevnet Knut Lille Ravnum fordi han ikke vil vedlikeholde en haffelde som de forrige eierne av Ravnum alltid har holdt.” Saka vart elles henvist til åstedet.

Eit skjøte av 1747 gir fleire opplysningar om slekta, og er etter utskrift av panteboka sålydande:

”Ravneberg.”

Skjøte dat. 7. juni 1747 tgl. 14. juni s.å. Fra Christen Halvorsen og Sidsel Christensdatter Ravnebergs barn og arvinger, neml. Halvor Christensen , Christen Thomesen på sin hustru Kirsti Christensdatters vegne, Even Hansen på hustru Kari Christensdatters vegne, Ole Flørrud på sin hustru Mari Christensdatters vegne og Amund Gougstad av Biri på sin hustru Elie Christensdatters vegne til eldste bror Christen Christensen og hans arvinger på deres efter skiftebrev pass. 25 april 1747 arvelig tilfaldne 4½ skind med bøixel i garden Ravneberg i Fåberg prestegjeld for sum 112 rd. 2 ort. Han har selv arvet 1½ skind, så han er nu ene eiende gården Ravneberg av skyld ½ hud. Han har å svare sine foreldre føderåd.”

Ein merker seg at etter dette heitte altså eigaren og brukaren av Ravneberg framleis Christen, men nå altså Christen Christensen Ravneberg.

Christen Christensen Ravneberg, som da tok over garden hadde i 1745 gifta seg med Sidsel Goensdtr., og dei fekk i sitt ekteskap 6 born. Dei var: a. Sidsel f. 1746, b. Rønnaug f. 1748, c. Kari f. 1751, d. Christen f. 1754, e. Jens f. 1757, f. Goen f. 1762.

Faren Christen Christensen Ravneberg f. 1716 brukte garden til 1780, da han skjøta ættegarden Ravneberg over til eldste sonen Christen Christensen f. 1754 og hustru Anne Iversdtr. for kjøpesum 350 rd. + føderåd.

Dei nye husbondsfolka Christen og Anne Ravneberg hadde gifta seg i 1779, og dei fekk 8 born, nemleg: a. Eli f. 1780, b. Christen f. 1781, c. Iver f. 1784, d. Jens f. 1785, e. Goen f. 1788, f. Arne f. 1791, g. Ole f. 1790, h. Sidsel f. 1793,

To år seinare var i 1795 husfrua Anne Iversdtr. død, og det var skifte på ”Ravneberg i Lillehammer, Fåberg”. Ved dette skiftet vart jordegodset i arvebuet grd. Ravneberg av skyld 3 skinn 3 bismarpund fisk taksert for 400 rd., og den samla eiga i skiftebuet utgjorde 528 rd., men den samla skulda i buet utgjorde 538 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enkemannen, husbonden Christen Christensen, dei 8 borna som nyss er nemnt, og som alle framleis var i live.

År 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da 3 familier på Ravneberg. Dei var:

1. familie: 1. Christen Christensen, husbonden, 46 år, 2. Christen Christensen, sonen, 19 år, 3. Iver Christensen, sonen, 17 år, 4. Goen Christensen 12 år,
5. Ole Christensen, sonen, 10 år, 6. Arne Christensen, sonen 9 år, 7. Sidsel, dottera, 7 år, 8. Rønnaug Christensdtr., syster til mannen, 52 år, 9. Ingeborg Torkildsdtr., legdslem, 65 år.
2. familie: 1. Christen Larsen, husmann med jord, 29 år, 2. Anne Jensdtr., kona hans, 36 år, 3. Marit Christensdtr. dotter, 6 år.
3. familie: 1. Peder Bertelsen, "Inderste og Kurvmager", 66 år, 2. Mari Christensdtr., kona hans.

Seks år seinare gav i 1807 faren Christen Christensen f. 1754 skjøte på Ravneberg til sonen Christen Christensen f. 1781 for kjøpesum 700 rd. og føderåd for resten av levetida til faren Christen Christensen.

Christen Christensen f. 1781, som da tok over som husbond på Ravneberg, hadde i 1806 gifta seg med Marthe Halvorsdtr. Lien, visstnok Sørlien, og dei fekk desse borna:

- a. Anne f. 1807, b. Christen f. 1811, c. Hans f. 1818, d. Johan f. 1820.

Fleire nyare opplysningar om gardane kom med matrikkelframleggjet for Fåberg av 1819. Der er det om Ravneberg vidare fortalt at buskapen av store husdyr i den tid var 2 hestar og 9 naut, og at den årlege kornavlinga utgjorde kring 40 tønner. Av kyrkjebökene går det elles fram at det i den tid også budde ein familie på eit bruk ved Ramberg. Den 1. september 1815 var det såleis dåpsbarn der, og den døypte der vart og kalla Kristen.

I 1815 kom så den store forandringa på Rambeg at garden vart delt i to. Husbonden Christen Christensen selde da og gav skjøte på den eine halvparten av Ramberg til Ole Svendsen, og denne parten kallar vi heretter Ramberg løpenr. 59a. Samtidig selde og Christen Christensen den andre halvparten av garden til Ole Christensen, og dette Ramberg kallar vi heretter løpenr. 59b.

Ved matrikuleringa av gardane i 1838 var den gamle landskylda i huder skind, fisk og smør skifte ut i ei matrikkel skyld uttrykt i skyldalar, ort og skilling. Der fekk så kvar av dei to Rambergsgardane som si nye matrikkel skyld: 1 skyldalar 3 ort 13 skilling, og det var da framleis Ole Svendsen som hadde Ramberg løpenr. 59a og Ole Christensen som hadde Rambeg løpenr. 59b.

Ole Svendsen, som i 1835 kjøpte Ramberg løpenr. 59a hadde elles garden berre i 5 år til 1840, da han selde vidare til Hans Larsen Dalby. To år seinare kjøpte så ein annan saksumdøl, Christian Syversen Kval, grd. løpenr. 59b Ramberg.

I samband med folke- og jordbruksstellinga i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om Ramberg vidare fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer da utgjorde 141 mål, og av dette var 34 mål jord av 1. klasse. Samtidig var det oppgitt at buskapen på Ramberg da var 2 hester, 7 naut og 13 småkrøter, og at den årlege utsæd i den tid var ca. 5 tønner korn og 3 tønner settepoteter.

Etter atter 5 år var det 13.juli 1870 skyldsetningsforretning på Ramberg, og ein parsell av garden vart da frådelt og selt av Even Hansen "som mynd. og eneste Arving efter Hans Larsen, til Mathias Iversen paa ovennævnte Eiendom for 400 Spd., og med Ret for Sælgeren

til at have sin Lade staaende paa den Tomt den nu har, og fornødent Rum til foretagendes Reparationer paa Laden.”

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkel skyld rekna i skyldmark og øre og slik at det var 100 øre i 1 mark. Ramberg fekk da som sitt nye gardsnummer nr.34 av samla skyld 4,79 mark, og det var da 2 bruksnummer under gardsnummer 34. Dei var:

- a. Grn. 34 brn. 1 Ravneberg av skyld 2,87 mark, som Amund Evensen var eigar og brukar av.
- b. Gnr. 34 bnr. 2 Ravneberg av skyld 1,92 mark, som Mathias Iversen var eigar og brukar av.

Her tek vi elles med at i 1893 var det utskifting av Vismunden seterskog, og sju år seinare gav i 1899 Amund Evensen skjøte til inspektør Mikael Nysæt på grn. 34 brn. 1 Ravneberg for kjøpesum kr 6 000,-.

Etter dette budde det ved kommunevalet i 1901 6 personar med røysterett på Ramberg. Dei var: 1. gardbr. Mikael M. Nyset, 48 år, 2. husmor Anne Alexandersdtr. Nyset, 37 år, 3. gardbr. Ole Pedersen Ravneberg, 49 år, 4. husmor Mathea Olsdtr., kona hans, 51 år, 5. gardbr. Peder Olsen Ravneberg den eldre, 68 år, 6. gardbr. Peder Olsen Ravneberg den yngre, 37 år.

Inspektør og gardbrukar M. Nyset som da var eigar og brukar av Rambeg nedre, hadde pleieheim for arbeidsføre sinnsjuke på Ramberg i den tid.

Ni år seinare gav så i 1910 Ole Pedersen Ravneberg skjøte til Petter Finstad på grd. 34 brn. 2 Ravneberg øvre for kjøpesum kr 12 000,-, og året etter selde i 1911 M. M. Nyseth brn. 34 brn. 1 Ravneberg til Petter Mæhlum for kjøpesum kr 16 700,-.

Av handlar med Ramberg i seinare tid tek vi her elles med at i 1917 kjøpte så Johan Simenstad grn. 34 brn. 2 Ramberg øvre av svogerden Nils Hammershaug. Vidare tek vi og med at på nedre Ramberg der gifta i 1922 Petter Mæhlum seg med Anna Smehaugen, og dei fekk i 1924 sonen Einar.

Ved jordbruksregistreringa av 1939 var det etter dette da 2 gardsbruk under grn. 34 Ramberg med kvar for seg eit jordbruksareal som gardsbruk. Dei to brukta var: a. Grn. 34 brn. 1 Ramberg med eit jordbruksareal på ca. 73 mål (dekar), som P. Mæhlum framleis var eigar og brukar av, b. grn. 34 brn. 2 Ramberg øvre med eit jordbruksareal på ca. 40 dekar, som Johan Simenstad framleis var eigar og brukar av.